



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 14.09.2017
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 – 21:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Brandtun	AP
Monika Thorpe	AP
Rikke Heldal Hope	H
Siri Kaland	AP
Viggo Leirvåg	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Bjørn Helge Olsen	AP	Varamedlem
Ivar Bergsvik	AP	Varamedlem
Lillian Eltvik Dyrnes	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem
Magnus Kvingedal	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:
Olav Mongstad og Olav Birger Andersen

Austrheim, 20.09.2017

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
053/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
054/17	Godkjenning av møteprotokoll
055/17	Meldingar
056/17	Orienteringssak
057/17	Søknad om permisjon frå politisk verv
058/17	Klage på godkjent planendring for Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001
059/17	AS Austrheim Næringssselskap - Oppfølging av selskapskontrollen

053/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 053/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

054/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 054/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

055/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 055/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

056/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Avdelingsdirektør May Hundvin NAV orienterte om status for NAV stat
Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om stoda for barnevern, PPT, Nav sosial og NAV
flyktning
I tillegg orienterte Ole Moen som styremedlem i AS Austrheim Næringssselskap om selskapet

KS - 056/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

057/17: Søknad om permisjon frå politisk verv

Rådmannen sitt framlegg:

Liv Ulvøy får utvida permisjonen for vervet som kommunestyrerepresentant frem til 01.10.18.
Petter Lerøy Skårnes fortetter som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 01.10.18.
Etter dette vert varamedlemslista som fylgjer: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland
Karlsen 3.Arne Kästel .

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Hardy Pedersen AP:

Austrheim Arbeidarparti ser med uro på fråværet ein har i politiske styrer og utval. Når ein har sagt seg villig til å stå på ei liste, har ein møteplikt i det eller dei organa ein er valt inn i.
I kommunal Rapport sitt nyhendebrev av 4.9.2017 åtvarar jussprofessor og ekspert på kommunelova Jan Fridtjof Bernt kommunestyra mot å gje fritak frå politiske verv på for tynt grunnlag. Han seier mellom anna at kommunestyra må vakta seg for å gje fritak fordi nokon føler at eit verv har vorte for byrdefullt.

Austrheim Arbeidarparti meiner at denne søknaden har ei svært tynn grunngeving og vil med dette be om at saka vert utsett. Me ber om at rådmannen kjem til kommunestyret med ei ny sak 2.11.2017, der permisjonssøknaden vert vurdert opp mot det Jan Fridtjof Bernt tek opp i Kommunal Rapport og kommunelovas § 14 og 15.

Det vart gruppemøte/gruppeleiar møte. Etter det trekte Austrheim Arbeidarparti forslaget.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke

KS - 057/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Liv Ulvøy får utvida permisjonen for vervet som kommunestyrerepresentant frem til 01.10.18.
Petter Lerøy Skårnes fortetter som fast kommunestyrerepresentant for perioden frem til 01.10.18.
Etter dette vert varamedlemslista som fylgjer: 1.Terje Øystein Dyrnes 2.Torunn Herlaug Helland
Karlsen 3.Arne Kästel .

058/17: Klage på godkjent planendring for Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune tek klagen frå Elisabeth Hamlander, Arve Fonnes, Berit Hopland, Birgit Fonnes, Astrid Kjenes og Mads Lihaug til følgje når det gjeld plassering av parkeringsplass o_SPP3.

Plankart for planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001* gjort i kommunestyret den 22.06.2017 vert endra i samsvar med vedtak. Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Saka går vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

24.08.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 065/17 - 24.08.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tek klagen frå Elisabeth Hamlander, Arve Fonnes, Berit Hopland, Birgit Fonnes, Astrid Kjenes og Mads Lihaug til følgje når det gjeld plassering av parkeringsplass o_SPP3.

Plankart for planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001* gjort i kommunestyret den 22.06.2017 vert endra i samsvar med vedtak. Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Saka går vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 058/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune tek klagen frå Elisabeth Hamlander, Arve Fonnes, Berit Hopland, Birgit Fonnes, Astrid Kjenes og Mads Lihaug til følgje når det gjeld plassering av parkeringsplass o_SPP3.

Plankart for planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001* gjort i kommunestyret den 22.06.2017 vert endra i samsvar med vedtak. Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

059/17: AS Austrheim Næringssselskap - Oppfølging av selskapskontrollen

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre tek rapport frå styret i AS Austrheim Næringssselskap til vitande.

14.09.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Jorund Stellberg Uavh: Saka vert utsett.
Forslaget vart samrøystes vedteke

KS - 059/17 - 14.09.2017 - Vedtak:

Saka vert utsett
